



1 Resolusjon om dagpengar og studentøkonomi

2 **Vedteke: 02.02.2021**

3
4 **Bakgrunn:**

5 Studenttilværet er godt anerkjend som den perioden i livet der økonomien «skal» vera litt
6 utfordrande. Med ei studentstønad som ikkje veks i takt med levekostnadane, spesielt i dei
7 store byane, ser 66,6% av studentmassen seg nøydd til å ha deltidsjobb gjennom delar av,
8 eller heile studietida.¹

9 13. mars 2020 stengte Noreg ned. Som resultat av dette vart arbeidsplassar der tilsette er i
10 nær kontakt med kundar stengt, mange bedrifter senka kapasitet for både kundar og tilsette
11 og mange blei då permitterte. Blant desse er studentar blant dei hardast ramma. Likevel er
12 studentar lovfesta utanforgjort av dagpengeordninga jf. folketrygdlova §4-6 at utdanning
13 eller opplæring avkuttar retten på stønad frå folketrygda. Likevel opna Stortinget i 2020 for
14 at permitterte arbeidstakarar kan ta utdanning og studiepoeng medan dei framleis har høve
15 til å få dagpengar.

16 Dette vil seia at permitterte elles i samfunnet har tilgang på akkurat det som hindrar
17 studentar i å få dagpengar; opptak til utdanning. Rundt tida denne utvidinga skjedde fekk
18 studentane si krisepakke, som innehaltd eit utvida lån og ei masseutbetaling av stipend. Sjølv
19 om desse permitteringane haldt fram over sommaren, og vidare inn i 2021, har det ikkje
20 komme noko ny krisepakke til studentane, men heller ei oppfordring om å få seg ny jobb.

21 **Vurdering:**

22 Dagens ordning, der studentar og dei under opplæring er unntekne frå dagpengeordninga er
23 urettferdig og set desse gruppene i vanskelege posisjonar. Studentparlamentet meiner difor
24 at studentar må innlemmast i dagpengeordninga, då med omskriving av §4-6 i folketrygda,
25 så dei skattebetalande innbyggjarane ved utdanningsinstitusjonar kan behandlast likt som
26 skattebetalande innbyggjarar utanfor utdanningsinstitusjonar.

27 **Studentparlamentet meiner at:**

- 28 - Studentar som blir permitterte eller oppsagt grunna regionale eller landsomfattande
29 kriser, skal inkluderast i dagpengeordningar

¹ Statistisk Sentralbyrå (SSB). (n.d.). *Visste du dette om studentene i Norge?* ssb.no. <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/visste-du-dette-om-studentene-i-norge>

- 30 - For studentar som studerer meir enn 50% skal minstekravet i inntektsgrunnlaget som
31 dagpengar reknast utifrå fjernast eller reduserast kraftig.